



Landsmøte 2013  
Trondheim, 30. august til 1. september

## SAK 8

Framlegg til endringar i

# Naturvernforbundets prinsippprogram

### Innhald:

1. Framlegg frå Landsstyret til endringar i Naturvernforbundets prinsippprogram
2. Innkomne framlegg til endringar i Naturvernforbundets prinsippprogram
3. Eksisterande prinsippprogram, vedteke på Landsmøtet i 2011

Utsendt elektronisk til delegatar 6.august 2013,  
inneheld alle innkomne endringsframlegg og erstattar tidlegare utsendte sakspapir

## SAK 8 Prinsippogram

### **Formatering i dokumentet:**

Understreka tekst: ny foreslått tekst

~~Gjennomstreka tekst~~: tekst foreslått stroke

*Tekst i kursiv*: tekst foreslått flytta

Tekst utan formatering: tekst foreslått å la stå

<b>Framlegg 8.1</b>		
Side 2	Linje 15	Framlegg frå: Naturvernforbundet på Inderøy
<b>Erstatte punktet:</b>		
Vi må ta vare på mangfaldet i naturen.		
<b>Med:</b>		
Vi må ta vare på artsmangfald og den typiske artssamansetjinga i naturtypene.		
<b>Redaksjonskomiteens innstilling:</b>		
<b>Vedtak:</b>		

<b>Framlegg 8.2</b>		
Side: 2	Linje: 26	Framlegg frå: Landsstyret
<b>Tilleggsforslag:</b>		
Dette krev, fordi jorda er avgrensa, at dei økonomisk rikaste gjev avkall på ein del av dagens forbruk. <u>All samfunnsplanlegging må leggje til rette for lågare forbruk, mindre utslepp, betre folkehelse, funksjonelle økosystem og berekraftig artsmangfald</u>		
<b>Landsstyrets forslag til vedtak: Landsmøte vedtar endringsforslaget</b>		
<b>Redaksjonskomiteens innstilling:</b>		
<b>Vedtak:</b>		

<b>Framlegg 8.3</b>		
Side 3	Linje: 90	Framlegg frå: Naturvernforbundet i Telemark ved Tormod Svartdal
<b>Tilleggsforslag, nytt avsnitt</b>		
<u>Naturvernforbundet skal også skissere dei politiske løysingane på utfordringane og gå inn i den offentlige debatten og konfrontere motargumenta. Vi skal vere premissleverandør på korleis</u>		

omsynet til natur og miljø skal vegast opp mot andre politiske mål, og ikkje overlate til partipolitikarane å gjere dette.

#### **Begrunning**

Det er behov for å ta den offentlige debatt et skritt vidare når det gjelder løsnings på natur- og miljøvernspørsmålene. Disse emnene behandles gjerne som sektorinteresser på linje med, eller dessverre ofte underlagt øvrige interesser som økonomi, velferd, energi, arbeidsmarked, folkehelse og samferdsel. Vi vet at varige løsnings med hensyn på natur og miljø påvirker nær sagt alle andre sektorinteresser, og at Norge og nordmenn ikke kan få i både pose og sekk på alle felter. Dette må vi få erkjennelse og politiske resultater (i form av handling) for i samfunnet.

Litt for ofte virker det som om debatten stopper fra vår side når argumentene er fremført, og dermed får partipolitikarane en lett jobb med å avveie våre innspill mot andre og for dem viktigere hensyn og mål. For å imøtegå dette og oppnå større resultater av vårt arbeid må vi forberede oppfølgende argumenter, besvare "Ja, men" -responsen fra politikarane og fremtvinge begrunnede svar. Bare på den måten har vi håp om å få gjennomslag i kraft av vår kompetanse og kommunikasjon, og ikke bare gjennom å vise til en stor meningsrik og medlemsrik organisasjon.

**Landsstyrets forslag til vedtak: Landsmøte avviser endringsforslaget**

**Redaksjonskomiteens innstilling:**

**Vedtak:**

#### **Framlegg 8.5**

Side 5	Linje 180	Framlegg frå: Naturvernforbundet i Steinkjer
--------	-----------	--

#### **Leggje til setning:**

Naturvernforbundet meiner den globale temperaturauken på lengre sikt må haldast under 1,5 grader Celsius. 1,5 grader C krev at CO2-mengda i atmosfæren held seg under 350 ppm. I dag er andelen ca 400 ppm og dette inneber at mykje CO2 må trekkjast ut av atmosfæren raskast mogleg. Da trengst det kraftige utsleppsreduksjonar både i industrilanda og i utviklingslanda.

**Redaksjonskomiteens innstilling:**

**Vedtak:**

#### **Framlegg 8.6**

Side 6	Linje 233	Framlegg frå: Naturvernforbundet i Sør-Trøndelag
--------	-----------	--

#### **Nytt punkt:**

- Det må bli forbod mot å sleppe avfall frå bergindustrien (gruver m.m.) ut i fjordane.

**Redaksjonskomiteens innstilling**

**Vedtak:**

**Framlegg 8.7**

Side 6

Linje 233

Framlegg frå: Naturvernforbundet i Sør-Trøndelag

**Nytt punkt:**

- Det må bli utvikla og teke i bruk gode metodar for å stanse skadeleg avrenning frå gamle gruver. Slik teknologi må på plass før oppstart av nye gruver med fare for avrenning.

**Redaksjonskomiteens innstilling****Vedtak:****Framlegg 8.8**

Side 6

Linje 233

Framlegg frå: Naturvernforbundet i Sør-Trøndelag

**Nytt punkt:**

- Gruver utan avfall må bli eit nasjonalt mål. Gjennom pålegg, avgifter og tilskot må ein sikra driftsformer som gjev lite overskotsmasse, til dømes underjordsdrift i staden for dagbrot, og sikre at stadig meir av overskotsmassen blir brukt til nyttige føremål og tilbakefylling i gruvane i staden for å bli lagt i deponi som avfall.

**Begrunning:** Ei forklaring på formuleringa «Gruver utan avfall»: India har dette som ei nasjonal målsetting, og det blir diskutert om EU skal få tilsvarande målsetting. Med ei slik målsetting må styresmaktene operere med tiltak og rammevilkår som fører til at stadig mindre av overskotsmassen blir lagt i deponi. For nye gruver kan ein allereie i dag setja driftsvilkår som går langt i retning av null deponi, mens det kan ta lengre tid for gruver som er i drift.

**Redaksjonskomiteens innstilling****Vedtak:****Framlegg 8.9**

Side 6

Linje 240

Framlegg frå: Naturvernforbundet i Steinkjer

**Leggje til setning i byrjinga av avsnittet:**

Dagens matproduksjon er ikkje berekraftig. Landbruket får tilført 10 gonger meir energieiningar enn det som vert teke ut. Landbruket er basert på bruk av fossile ressursar og som må fasast ut

**Redaksjonskomiteens innstilling:****Vedtak:**

### **Framlegg 8.10**

Side 7

Linje 254

Framlegg frå: Naturvernforbundet på Inderøy

#### **Nytt punkt**

- Fôr til fisk bør koma frå havet, sidan landbruksprodusert fôr aukar erosjonen av næringsemne frå land til hav. Importert fiskebasert fôr frå andre land, som til dømes Peru, må verta forbode. Men det må heller ikkje overfiskast på lodde og tobis her heime slik at det går ut over rov-villfisken.

**Redaksjonskomiteens innstilling:**

**Vedtak:**

### **Framlegg 8.11**

Side 7

Linje 254

Framlegg frå: Naturvernforbundet på Inderøy

#### **Nytt punkt**

- Kjøttproduksjonen frå svin og kylling bør ned i Noreg, sidan desse et mat vi menneske kan ete. Kjøtt frå drøvtyggjarar som utnyttjar grasareal i fjellet og dyrkamark nordover og i fjellbygdene er meir berekraftig dersom desse ikkje et kraftfôr.

**Redaksjonskomiteens innstilling:**

**Vedtak:**

### **Framlegg 8.12**

Side 7

Linje 255 og 256

Framlegg frå: Naturvernforbundet i Steinkjer

#### **Endre punkt:**

- Andelen økologisk matproduksjon må aukast kraftig, og dei offentlege målsettingane når det gjeld offentlege anskaffingar av økologisk mat bør skjerpast.

#### **Ved å erstatte leddsetning med ny setning:**

- Andelen økologisk matproduksjon må aukast kraftig, ~~og dei offentlege målsettingane når det gjeld offentlege anskaffingar av økologisk mat bør skjerpast.~~ Det er eit mål at matvarekjøp i offentlig regi i hovudsak er økologisk.

**Redaksjonskomiteens innstilling**

**Vedtak:**

<b>Framlegg 8.13</b>		
Side 7	Linje 276 og 277	Framlegg frå: Naturvernforbundet i Steinkjer
<p><b>Erstatte punkt:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Tilskotsordningane i landbruket må tilpassast rovdyrforvaltninga slik at nødvendige leveområde for rovdyr vert tekne vare på.</li> </ul> <p><b>Med ny tekst:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li><u>Tilskotsordningane i landbruket må verke til at fauna og flora vert mest mogleg mangfaldig.</u></li> </ul>		
<b>Begrunning:</b> Biesamfunnene er viktigere enn rovdyr. Dessuten er det viktig å skjønne at beitedyr er den mest bærekraftige kjøttproduksjon etter ville dyr		
<b>Redaksjonskomiteens innstilling</b>		
<b>Vedtak:</b>		

<b>Framlegg 8.14</b>		
Side 7	Linje 289-291	Framlegg frå: Naturvernforbundet i Sør-Trøndelag
<p><b>Endre følgjande punkt:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Energien vi bruker, må i hovudsak vere fornybar. Den massive vasskraftutbygginga som har vore i Noreg, gjer at vi må vera restriktiv til vidare utbygging av vassdraga våre. Vi må i staden satse på dei nye fornybare energikjeldene.</li> </ul> <p><b>Til fordel for dette:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Energien vi brukar, må i hovudsak vere fornybar. <u>Dei massive naturinngrepa frå vasskraftutbygginga i Noreg gjer at vi må vera restriktiv til vidare utbygging av vassdraga våre og til vindkraft på land.</u> Vi må i staden i <u>hovudsak</u> satse på <u>energisparing, energi-effektivisering og fornyelege energikjelder med minimale naturinngrep.</u></li> </ul>		
<b>Redaksjonskomiteens innstilling</b>		
<b>Vedtak:</b>		

<b>Framlegg 8.15</b>		
Side 8	Linje 303 - 306	Framlegg frå: Naturvernforbundet på Inderøy
<p><b>Stryke punktet</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Ny fornybar energi må verke til å redusere forbruket av fossil energi. Samstundes med energisparing, må Noreg satse på ny fornybar energi slik som bio- og solenergi, bølge- og vindkraft. Ved all utbygging må det tas særskilt hensyn til naturmangfold, folkehelse og landskap.</li> </ul>		

**Til fordel for:**

- Ny fornyeleg energi må verke til å redusere forbruket av fossil energi. I tillegg til energisparing må Noreg innføre politiske verkemiddel som gjer all energi dyrare å misbruke. Privatiseringa av energimarknaden gjennom EØS-reglar om konkurranse er ikkje vegen å gå fordi meir tilgjengeleg energi av alle slag saman gjer energien billegare.

**Framlegg 8.16**

Side 8

Linje 303-306

Framlegg frå: Naturvernforbundet Sør-Trøndelag

**Endre følgjande punkt:**

- Ny fornybar energi må verke til å redusere forbruket av fossil energi. Samstundes med energisparing, må Noreg satse på ny fornybar energi slik som bio- og solenergi, bølge- og vindkraft. Ved all utbygging må det tas særskilt hensyn til naturmangfold, folkehelse og landskap.

**Til fordel for dette:**

- Frigjort og ny fornybar energi må verke til å fase ut fossil energi. I tillegg til energisparing og energieffektivisering, må Noreg satse på ny fornybar energi slik som geovarme, bio- og solenergi, bølge- og havvindkraft. Ved all utbygging må det takast særskilt omsyn til naturmangfald, folkehelse og landskap.

**Redaksjonskomiteens innstilling****Vedtak:****Framlegg 8.17**

Side 8

Linje 304

Framlegg frå: Naturvernforbundet i Steinkjer

**Leggje til tekst:**

- Ny fornybar energi må verke til å redusere forbruket av fossil energi. Samstundes med energisparing, må Noreg satse på ny fornybar energi slik som bio- og solenergi, bølge- og vindkraft og geovarme. Ved all utbygging må det tas særskilt hensyn til naturmangfold, folkehelse og landskap.

**Redaksjonskomiteens innstilling****Vedtak:**

<b>Framlegg 8.18</b>		
Side 8	Linje 307	Framlegg frå: Naturvernforbundet på Inderøy
<p><b>Stryke siste setninga i punktet</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>All energi må brukast på mest mogleg effektiv måte, ved at høgverdig, elektrisk energi vert reservert til formål som krev høg energikvalitet. <del>Elektrisitet må ikkje nyttast til oppvarming.</del></li> </ul>		
<b>Redaksjonskomiteens innstilling</b>		
<b>Vedtak:</b>		

<b>Framlegg 8.19</b>		
Side 8	Linje 326	Framlegg frå: Naturvernforbundet i Steinkjer
<p><b>Endre kapitteloverskrift:</b></p> <p><u>Fossilbasert transport</u></p>		
<b>Redaksjonskomiteens innstilling</b>		
<b>Vedtak:</b>		

<b>Framlegg 8.20</b>		
Side 8	Linje 338	Framlegg frå: Naturvernforbundet i Steinkjer
<p><b>Leggje til ny setning:</b></p> <p>Det må også innførast transportreduserande verkemiddel, som avgrensingar i tal på parkeringsplassar og meir rettferdig prising av både person- og godstransport. <u>CO2-avgifta må aukast i samsvar med prinsippet om «Forurensar betalar».</u> I tillegg må det satsast på meir miljøvenleg teknologi i transportsektoren.</p>		
<b>Redaksjonskomiteens innstilling</b>		
<b>Vedtak:</b>		

<b>Framlegg 8.21</b>		
Side 9	Linje 362 – 384	Framlegg frå: Naturvernforbundet i Sør-Trøndelag
<p><b>Erstatte følgjande avsnitt:</b></p> <p><b><u>Avfall</u></b></p> <p>Målet er å gjere avfallsmengda minst mogleg og få til korte, lukka materialkrinlaup. Alt avfall må</p>		



handsamast i samsvar med avfallshierarkiet. I prioritert rekkjefylgje vil det seie (1) minimering av avfallsmengda, (2) ombruk, (3) resirkulering/attvinning, (4) forbrenning med energiattvinning og (5) deponi/forbrenning utan energiattvinning.

**Naturvernforbundet meiner at:**

- Avfallsmengda må reduserast. Produkt må vare lenger og i større grad kunne reparerast og nyttast fleire gonger. Det må brukast mindre emballasje, og den må vere biologisk nedbrytbar og giftfri. Plastprodukt eller emballasje som ikkje kan vere biologisk nedbrytbar, må inkluderast i eit effektivt pantesystem.
- Både offentlege og private verksemder må stille strengare krav til miljø ved innkjøp.
- Det må stillast strengare krav til rett ressurs- og avfallshandtering ved bygge- og anleggsarbeid.
- Bruken av miljøskadelege stoff som ikkje kan brytast ned i naturen, må minimaliserast.
- Panteordningar bør nyttast for fleire produktgrupper for å auke innsamlinga. Produsentar og importørar må få eit større ansvar for ombruk og avfallshandtering.
- Det må byggast ut gode kjeldesorteringsordningar i heile landet.
- Det må bli forbod mot å forbrenne avfall som kan brukast om eller resirkulerast.
- Alt farleg avfall må samlast inn og handsamast på ein miljømessig forsvarleg måte.
- Forureinaren-skal-betale-prinsippet må utvidast slik at verksemder får ansvar for og forpliktingar knytte til skader årsaka av verksemda og produkta deira.

**Med:**

**Produksjon, forbruk og avfall**

Målet er å gjere avfallsmengda minst mogleg, og få til korte lukka materialkrinslaup. Alt avfall må handsamast i samsvar med avfallshierarkiet. For forbrukarane vil det i prioritert rekkjefylgje seie (1) minimering av avfallsmengda, (2) ombruk, (3) resirkulering/attvinning, (4) forbrenning med energiattvinning og (5) deponi/forbrenning utan energiattvinning.

Energi- og ressursforbruk ved produksjon må bli redusert, samtidig som produkta får maksimal levetid og gode garanti- og serviceordningar. Reklame og marknadsføring må få ein miljøstandard.

**Naturvernforbundet meiner at:**

- Avfallsmengda må reduserast. Produkt må vare lenger, og i større grad kunne bli reparert og nytta fleire gongar. Det bør bli utforma reglar/garanti som reduserer bruken av planlagt forelding for produkt. Det må brukast mindre emballasje, og den må vere biologisk nedbrytbar og giftfri.
- Bruken av miljøskadelege stoff som ikkje kan brytast ned i naturen, må bli redusert til eit minimum.
- Forureinaren-skal-betale-prinsippet må utvidast slik at verksemder får ansvar for og forpliktingar knytte til skadar årsaka av verksemda og produkta deira.
- Ein må innføre reguleringar som sikrar minst mogleg energi- og ressursbruk og dei beste miljøvennlige metodane ved produksjon av varar, også importvarar.
- Gruver utan avfall må bli eit nasjonalt mål. Gjennom pålegg, avgifter og tilskot må ein sikra driftsformer med lite overskotsmasse, til dømes underjordsdrift i staden for dagbrot, og sikre at stadig meire av overskotsmassen blir brukt til nyttige formål og tilbakefylling i gruvane i

staden for å bli lagt i deponi som avfall.

- *Det må stillast strengare krav til rett ressurs- og avfallshandtering ved byggje- og anleggsarbeid.*
- *Både offentlege og private verksemder må stille strengare krav til miljø ved innkjøp.*
- Svanemerket bør bli utvida til også å inkludere det økologiske fotavtrykket til eit produkt, i tillegg til klima- og miljø(gifter). Matvarar bør også få ei tilsvarande miljømerking.
- Produkt frå verksemd som krev store naturinngrep, som skogs- og gruvedrift, bør ha eigne, detaljerte ordningar for miljøsertifisering som er spesifikke for verksemda.
- Innføre miljøsertifisering eller krav om miljøinformasjon ved produktreklame og marknadsføring. «Nudging» eller tilsvarande kan hjelpe forbrukarane til å ta miljøvennlege val.
- *Plastprodukt eller emballasje som ikkje er biologisk nedbrytbart, må inkluderast i eit effektivt attvinnings- og pantesystem.*
- *Panteordningar bør nyttast for fleire produktgrupper, for å auke innsamlinga. Produsentar og importørar må få større ansvar for ombruk og avfallshandtering.*
- *Det må byggjast ut gode kjeldesorteringsordningar i heile landet.*
- Forbrenning av avfall skal aldri skje dersom miljøregnskapet blir betre ved gjenbruk eller resirkulering.
- *Alt farleg avfall må bli samla inn og handsama på miljømessig forsvarleg vis. Det må bli sett av meir middel til forskning på «urban mining», som må få større plass i gjenvinningsindustrien.*
- Våtorganisk avfall må bli sortert ut og samla inn for produksjon av biogass som kan erstatte fossilgass. Biorestar må utnyttast som gjødning.

#### **Redaksjonskomiteens innstilling**

**Vedtak:**

#### **Framlegg 8.22**

Side 9

Linje 364

Framlegg frå: Naturvernforbundet i Møre og Romsdal v/Øystein Folden

Bytte ut første setning i teksten:

#### **Avfall**

Målet er å gjere avfallsmengda minst mogleg, og få til korte lukka materialkrinlaup. Avfall som omgrep er ei misforståing. Avfall består av ressursar som skal utnyttast. Alt avfall skal difor bli råvarar. Alt avfall må handsamast i samsvar med avfallshierarkiet. I prioritert rekkjefylgje vil det seie (1) minimering av avfallsmengda, (2) ombruk, (3) resirkulering/attvinning, (4) forbrenning med

#### **Redaksjonskomiteens innstilling**

**Vedtak:**

**Framlegg 8.23**

Side 9	Linje 370	Framlegg frå: Naturvernforbundet i Møre og Romsdal v/Øystein Folden
--------	-----------	---

**Bytte ut første setning i første kulepunkt:**

**Naturvernforbundet meiner at:**

- Avfallsmengda må reduserast. Avfall må avskaffast.

**Redaksjonskomiteens innstilling**

**Vedtak:**



# **PRINSIPPROGRAM**

Vedteke på Landsmøtet på Hamar  
26-28. august 2011

Korrekturlest i juli 2013

1 *Prinsippprogrammet gjev ei oversikt over Naturvernforbundet sitt grunnsyn, korleis organisasjonen*  
2 *arbeider, og kva som er våre langsiktige politiske krav.*  
3  
4

5 Naturvernforbundet arbeider for å verne og forvalte naturen på ein måte som sikrar vårt felles livs-  
6 miljø. Hovudmålet er at natur- og miljøomsyn må leggjast til grunn for all menneskeleg aktivitet.  
7

8 Livsformene i naturen er verdifulle fordi dei har ein verdi i seg sjølv, utan omsyn til om det er til nytte  
9 for menneska, og fordi menneska er avhengige av dei. Mennesket har ingen rett til å utrydde nokon  
10 av artane på jorda eller øydelegge det livsmiljøet artane treng for å leve. Å verne om rikdomen av  
11 livsformer og naturlege økosystem er naudsynt for å sikre livskrafta og produktiviteten i naturen.  
12

13 Mennesket er ein del av naturen. Vi lever av dei allsidige goda i naturen. All vår verksemd må difor  
14 fylgje prinsippet om berekraftig bruk. Det vil seie:

- 15 - Vi må ta vare på mangfaldet i naturen.
  - 16 - Vi kan berre ta ut frå naturen det krinslaupet i naturen kan fornye.
  - 17 - Vi kan berre sleppe ut stoff som krinslaupet i naturen kan bryte ned innanfor naturen si be-  
18 reevne.
  - 19 - Råvarer som finst i avgrensa mengder, må vi bruke med strengt måtehald.
- 20

21 Påkjeningane mennesket påfører naturen, er for store. Den rike verda har eit forbruk av energi og  
22 råstoff som ikkje let seg kombinere med å halde oppe naturmangfaldet og produksjonsevna. Teknis-  
23 ke omleggingar kan ikkje åleine endre dette. Forbruksnivået vårt er med og hindrar at andre men-  
24 neske får leve menneskeverdige liv. Vi må akseptere at alle menneske har rett til dei naturgoda som  
25 trengst for eit godt liv. Dette krev, fordi jorda er avgrensa, at dei økonomisk rikaste gjev avkall på ein  
26 del av dagens forbruk.  
27

28 Dei globale miljøproblema er omfattande, alvorlege og må løysast gjennom krevjande omstillingar.  
29 Desse omstillingane må drivast fram ved lokal og nasjonal innsats, men i ei globalisert verd krevst  
30 også internasjonalt arbeid og internasjonale avtalar. Ei viktig side ved dei internasjonale avtalane er å  
31 komme fram til effektive miljøløysingar som blir oppfatta som rimelege og legitime av alle partar.  
32

33 Naturvernforbundet sitt internasjonale arbeid skal bidra til å styrke lokalbaserte miljøvernorganisa-  
34 sjonar i dei landa vi engasjerer oss, og det internasjonale engasjementet skal bidra til å styrke Natur-  
35 vernforbundet sitt arbeid i Noreg og overfor internasjonale miljøavtalar.  
36

37 Landa Naturvernforbundet er engasjert i har store miljøutfordringar og er blant dei dårlegast stilte  
38 når det gjeld deltaking frå siviltt samfunn. Sterkare nasjonale miljøorganisasjonar er viktige for å ta  
39 vare på miljøinteressene.  
40

#### 41 **Prinsipp for praksis**

42 Naturvernforbundet meiner desse prinsippa må ligge til grunn for alle vedtak og tiltak som har eller  
43 kan ha negative konsekvensar for naturen:

- 44 - Kunnskap: Alle private og offentlege aktørar som påverkar naturen må ha plikt til å setje seg  
45 inn i korleis verksemda deira påverkar naturen. Oppdatert vitskapeleg og erfaringsbasert  
46 kunnskap må leggjast til grunn for vedtak og handlingar.
- 47 - Føre-var-prinsippet: Dersom det er usikkert om inngrep eller utslepp vil ha skadelege verk-  
48 nader for organismar eller økosystem, skal tvilen kome naturen til gode ved at tiltaket ikkje  
49 vert gjennomført. Dersom det er manglande kunnskap om eit miljøproblem, må ein likevel  
50 freiste å løyse problemet med bakgrunn i den vitskapelege kunnskapen ein har.

- 51 - Samla påkjenning: Den samla påkjenninga som naturmiljøet er eller kan bli utsett for, skal  
52 vere utslagsgjevande for vedtak i einskildsaker, til dømes der eit lite tillegg i påkjenningane  
53 kan få store og negative følgjer, eller der fleire seinare tiltak kan få det.
- 54 - Den som påverkar, skal betale: Den som påverkar miljøet på ein negativ måte, skal dekke  
55 kostnadene ved tiltak som hindrar eller avgrensar skadane, eller som tilbakefører området til  
56 sin opphavlege tilstand.
- 57 - Beste teknologi: Ved verksemd i naturen skal lokalisering, teknologi og driftsmåte vere den  
58 som er best for miljøet. Teknologi må utviklast med mål om redusert total ressursbruk og  
59 mindre forureining.
- 60 - Oppfølging på alle nivå: Myndighetene har ansvar for å følge opp, kontrollere og innføre  
61 sanksjonar og tiltak overfor dei som bryt den norske natur- og miljølovgivinga. Både myndig-  
62 heitene, næringsliv og befolkning har eit ansvar for å setje seg inn i og følgje felles  
63 reglar.
- 64

## 65 Organisasjonen

### 66 **Demokratisk, landsdekkande og uavhengig**

67 Naturvernforbundet er ein demokratisk medlemsorganisasjon, skipa i 1914. Folkeleg engasjement  
68 gjennom lokalt naturvernarbeid er grunnlaget for arbeidet for livskraftig natur og miljøgode, og  
69 avgjerande for Naturvernforbundet si styrke. Medlemene avgjer, gjennom sine tillitsvalde, kva  
70 forbundet skal meine og arbeide med. Naturvernforbundet har aktive fylkes- og lokallag over heile  
71 landet. Saman med sekretariatet gjev dei den styrken Naturvernforbundet byggjer på. Naturvernfor-  
72 bundet er partipolitisk nøytralt og uavhengig av økonomiske interesser, staten og andre organisasjo-  
73 nar. Miljøagentane og Natur og Ungdom er barne- og ungdomsorganisasjonane til  
74 Naturvernforbundet.

### 75 **Kunnskapsbasert opinionsdanning**

76 Norges Naturvernforbund treng tillit og oppslutning for å få gjennomslag. Argumenta våre skal vere  
77 fagleg solide og lett forståelege. Frivillige organisasjonar har gjennom folkeopplysning spelt ei viktig  
78 rolle for demokratiseringa av Noreg. Naturvernforbundet vil føre dette arbeidet vidare gjennom  
79 opinionsdannande verksemd slik at ein lettare kan innrette seg miljøvenleg, påverke andre og få  
80 folkevalde organ til å ta omsyn til kva naturen toler.

### 81 **Saksorientert arbeid med konkrete resultat**

82 Det er resultata for naturen som tel. Det er først og fremst gjennom arbeid med mange konkrete  
83 saker over heile landet, og med stor breidde, at Naturvernforbundet er med og bergar store  
84 naturverdiar, og endrar haldningane til naturen hos folk flest. Ved hjelp av politisk arbeid i  
85 enkeltsaker vil Naturvernforbundet også vise kva utfordringar vi står overfor i det globale  
86 miljøarbeidet.

### 87 **Naturglede**

88 Frisk og vakker natur er godt for mennesket si helse og aukar trivselen. Urørt natur gjev mennesket  
89 glede og innsikt som styrkar naturvernengasjementet. Naturglede er ein viktig bakgrunn for arbeidet  
90 til Naturvernforbundet. Vi vil at flest mogleg skal få glede seg over naturverdiane vi vil ta vare på.  
91 Målet er at dei som lever i nærleiken av verdifulle område skal vere stolte over naturen dei har  
92 tilknytning til.

### 93 **Internasjonalt samarbeid**

94 Brei folkeleg deltaking er avgjerande for å løyse internasjonale miljøproblem. Naturvernforbundet  
95 samarbeider med miljøørslar i land med store miljøutfordringar og som har store utfordringar når  
96

101 det gjeld deltaking frå siviltt samfunn. I tillegg arbeider Naturvernforbundet i internasjonale nettverk  
102 som Friends of the Earth og Climate Action Network. Regnskogfondet har vore ein viktig del av  
103 Naturvernforbundet sitt internasjonale arbeid, og dette vert ført vidare ved at Naturvernforbundet  
104 er stiftar og medlem av Regnskogfondet.

105  
106

## 107 Naturmangfaldet

108

109 Naturmangfaldet er livsviktig og uerstatteleg. Vi må sikre rikdommen av planter, dyr og andre  
110 organismar for framtida. Dette inneber å ta vare på artane, med den genetiske variasjonen innan  
111 artane og dei leveområda som organismane treng. Det er moralsk uakseptabelt å utrydde arter og  
112 naturtypar. Sunn økologisk tilstand må vere forvaltningsprinsippet for all norsk natur.

113

114 Naturvernforbundet støttar og respekterer urfolk sine rettar slik dei er felt ned i internasjonale  
115 avtalar som Noreg er tilslutta.

116

117 Noreg har truleg den mest varierte naturen i europeisk samanheng. Verda har ikkje noko som  
118 tilsvarer dei norske fjordlandskapa og den vassdragsnaturen som høyrer til. Naturen i havet er i  
119 verdsklasse både når det gjeld produktivitet av fisk og sjeldne korallrev. Noreg har eit europeisk  
120 ansvar for å bevare eit vel fungerande fjelløkosystem. Noreg har og ein verdifull skogsnatur med  
121 mange sjeldne artar.

122

123 Over 40 naturtypar er truga av utrydding i Noreg. Over 4000 artar står på den nasjonale raudlista. Vi  
124 har ikkje råd til å misse nokon av dei. Kvart dyr, kvar plante og kvart insekt som blir utrydda, er eit  
125 evig tap.

126

127 For samfunnet er dei økonomiske ulempene ved å avstå frå skadelege inngrep og utslepp mindre enn  
128 tapet dersom variasjonsrikdomen i norsk natur forvitrar. Dersom rike Noreg ikkje prioriterer sine  
129 folkerettslege og etiske plikter til å berge artane og naturtypane for framtida, er det eit fattigsleg  
130 varsel til omverda.

131

132 Noreg må gjennomføre tiltak for å stanse nedgangen i naturmangfaldet. Dette krev både meir vern  
133 av utvalde areal og ei streng forvaltning av naturverdiane som ikkje er verna ved lov, men som  
134 inneheld biologisk viktige kvalitetar. I tillegg må ein hindre innføring av framande artar som kan vere  
135 ein trussel mot lokale plante- og dyreartar.

136

### 137 **Naturvernforbundet meiner at:**

- 138 • Det må vere levedyktige bestandar av alle artar som naturleg høyrer heime i Noreg.  
139 Leveområda til truga og sårbare artar må sikrast, anten ved vern for dei artane der dette er  
140 naudsynt, eller ved ein arealbruk som ikkje trugar artane.
- 141 • Det må etablerast økologisk representative nettverk av verneområde og utvalde naturtypar  
142 for å sikre den økologiske samanhengen over større område. Dei inngrepsfrie område (INON)  
143 i Noreg har minska sterkt dei siste åra. Denne utviklinga må stoppast.
- 144 • Eit utval av alle naturtypar må sikrast i slikt omfang at dei kan fungere som leveområde på  
145 lang sikt.
- 146 • Supplerande nasjonalparkplan må lagast, og vern av skog og marine område må aukast  
147 vesentleg.
- 148 • Nasjonalparker og alle andre verna område må forvaltast aktivt slik at naturmangfaldet vert  
149 teke vare på.

- 150 • Den naturlege rytmen i vassdraga må sikrast. God økologisk tilstand må vere eit mål for alle  
151 vassdrag. I samband med alle planlagde inngrep i vassdrag, også utbygging av mini-, mikro-  
152 og småkraftverk, må det setjast strenge krav til å ta vare på biologisk mangfald. Eit forsvarleg  
153 utval av mindre vassdrag og elvar må vernast mot kraftutbygging. Verna vassdrag må også  
154 sikrast mot andre inngrep.
- 155 • Grøntområde med bekkedrag må takast vare på også i nærmiljøet og i tettstader. Bekkar  
156 som er lukka, bør opnast der det er mogleg.
- 157 • Motorisert ferdsel i utmark og vassdrag må minimerast, og må ikkje femne om  
158 rekreasjonskøyring.
- 159 • Lokale naturperler og naturområde i nærmiljøa må takast vare på.
- 160 • Forsvaret mot framande organismar som følgjer med handelsvarer, må vere sterkt. Dumping  
161 av ballastvatn må underleggjast sterke restriksjonar.
- 162 • Ny kraftproduksjon, kraftliner og annan infrastruktur for distribusjon av fornyeleg energi må  
163 leggjast der det ikkje kjem i konflikt med sårbare og verdifulle naturverdiar.
- 164 • Ny etablering av industri, bergverk og anna arealkrevjande verksemd får ikkje skje i område  
165 med sær god miljøtilstand med mindre det kan garanterast tekniskar som gir ubetydelege  
166 utslepp og effektar på naturmangfaldet og tradisjonell bruk av området.
- 167 • Det må ikkje løyvast offentleg støtte til inngrep i verdifulle område eller område som er  
168 mangelfullt kartlagt.
- 169

## 170 Klima

171

172 Forbruk av fossile brensel og avskoging har ført til ei dramatisk auke av CO<sub>2</sub>-innhaldet i atmosfæren,  
173 og innhaldet vil bli tredobla innan 2100 dersom utsleppa held fram som no. Det vil gje dramatiske  
174 klimaendringar som får store konsekvensar for naturen og alt liv på jorda slik vi kjenner det i dag.  
175 Livsgrunnlaget for mange av verdas fattigaste vil bli øydelagt, og store delar av naturrikdommen står i  
176 fare for å døyt ut som ei følgje av den globale oppvarminga.

177

178 FN sitt klimapanel har berekna at klimagassutsleppa må reduserast med 50 – 85 prosent innan 2050  
179 for å unngå dei mest dramatiske klimaendringane. Naturvernforbundet meiner den globale  
180 temperaturauken på lengre sikt må haldast under 1,5 grader Celsius. Da trengst det kraftige  
181 utsleppsreduksjonar både i industrilanda og i utviklingslanda. Dei rike landa har det historiske  
182 ansvaret for klimakrisa, og må derfor finansiere hovuddelen av reduksjonen, også i utviklingslanda.

183

184 Olje- og gassverksemd, industri og vegtrafikk er dei største utsleppskjeldene i Noreg. For å løyse kli-  
185 maproblemet må vi gjere samfunnet uavhengig av fossil energi og utvikle og ta i bruk ny teknologi.

186

### 187 **Naturvernforbundet meiner at:**

- 188 • Noreg må minimere eigne utslepp av klimagassar etter tilrådingane frå FN sitt klimapanel. Dette  
189 betyr at utsleppa må kuttast med 40 prosent frå 1990-nivå innan 2020 og at vi må skape eit  
190 nullutsleppsamfunn fram mot 2050.
- 191 • Målet om å skape eit nullutsleppsamfunn skal leggje rammene for all sektorpolitikk, alt frå  
192 transport og energi til utdanning og forskning.
- 193 • For å løyse klimaproblemet må ein ta i bruk mange ulike verkemiddel. Rike land har hatt dei  
194 største utsleppa av klimagassar og har derfor størst ansvar for å redusere utsleppa.
- 195 • Internasjonal kvotehandel og andre internasjonale tiltak skal sikre reelle utsleppskutt og komme i  
196 tillegg til nasjonale reduksjonar.
- 197 • Rike land som Noreg må ta eit særleg ansvar for å bidra til reduksjon av utslepp og sikre  
198 klimatilpassing i utviklingsland.



## 199 Forureining

200

201 Menneskeleg aktivitet kan gje utslepp til luft, jord eller vatn som naturen ikkje klarer å bryte ned.

202 Forureining kan vere giftig eller skadeleg for menneske, dyr, planter eller andre delar av naturen.

203

204 I Noreg vert vassdrag sure og skogen øydelagd som følgje av nitrogenoksid (NO<sub>x</sub>). Hovudårsaka er

205 store og aukande utslepp frå olje- og gassverksemda. I tillegg er det store utslepp frå veg- og

206 sjøtransporten. Vegtrafikk er også ei viktig kjelde til lokal luftforureining i mange norske byar og

207 tettstader. Både lokalt og globalt er det ei overordna målsetjing at lufta må vere av ein slik kvalitet at

208 den ikkje skadar naturen eller folkehelsa.

209

210 Miljøgiftene har lang nedbrytingstid og vert oppkonsentrerte i næringskjeda. Ein av konsekvensane

211 er at fisk og sjømat frå mange hamner, fjordar og vassdrag ikkje kan etast og at fuglebestandar er

212 truga. For mennesket kan helseskadelege stoff mellom anna føre til at fleire får kreft, redusert

213 forplantingsevne, astma og allergiproblem.

214

215 Noreg har hatt store problem med å innfri internasjonale miljøavtalar som regulerer forureining.

216

### 217 **Naturvernforbundet meiner at:**

218 • Utsleppa til luft av svoveldioksid, nitrogenoksid og flyktige organiske stoff må reduserast slik

219 at levande organismar ikkje tek skade.

220 • Miljøgifter skal ikkje sleppast ut i naturen eller føre til skader på folkehelsa. Bruk av

221 miljøgifter i produkt og prosessar må minimaliserast.

222 • Nye kjemikalier må ikkje tillatast før det er dokumentert at dei ikkje kan komme til å opptre

223 som miljøgifter og på sikt gi alvorleg skade på levande organismar.

224 • Alle skal ha krav på å få vite om konkrete produkt eller tenester inneheld miljøgifter eller

225 helseskadelege stoff, og kor mykje forureining dei fører til i samband med produksjon, bruk

226 og når dei vert kasta. Informasjonsretten skal ha forrang føre konkurransevna til bedrifta.

227 • Gamle miljøgiftutslepp, uregulerte avfallsplassar og liknande må kartleggjast og ryddast opp

228 i, eller sikrast på annan måte.

229 • Noreg må følgje opp dei internasjonale avtalane vi har skrive under når det gjeld å

230 gjenopprette og sikre god kvalitet på luft og vatn.

231 • Kysten må ha eit sterkt og førebyggjande oljevern som inkluderer rask responstid, beredskap

232 sjølv for store ulykker under vanskelege forhold, og skjerming av sårbare område og artar.

233

234

## 235 Landbruk og fiske

236

237 Vi må ta vare på den biologiske produksjonsevna som er grunnlaget for alt liv på jorda,

238 livsmangfaldet og matproduksjonen. Primærnæringane må byggje på det lokale ressursgrunnlaget.

239

240 All matproduksjon må vere berekraftig. Utviklinga nasjonalt og globalt må styrast i retning av lokale

241 einingar som leverer mat i ein lokal marknad. Det må vere større samsvar mellom maten vi et og det

242 naturen rundt oss forsyner oss med. Lokal, økologisk, berekraftig matproduksjon er viktig for å ta

243 vare på naturmangfaldet i kulturlandskapet og gjer oss mindre sårbare for svingingar i den

244 internasjonale matproduksjonen.

245

246 Maten må ikkje innehalde helseskadelege stoff. Overgjødsling som fylgje av nitrogen- og fos-  
247 forutslipp frå landbruk er eit miljøproblem. Samstundes er desse utsleppa ein ressurs på avvegar som  
248 i langt større grad må sikrast og nyttiggjerast.

249

#### 250 **Naturvernforbundet meiner at:**

- 251 • Andelen økologisk landbruk må aukast kraftig. På sikt må all landbruksproduksjon vere  
252 økologisk. Landbruket må i minst mogleg grad vere avhengig av energi, kunstgjødsel og  
253 sprøytegifter. Fiskeoppdrett og kjøttproduksjon må i minst mogleg grad baserast på fôr som  
254 kan gå til menneskemat, eller som har negative fylgjer for miljøet.
- 255 • Andelen økologisk matproduksjon må aukast kraftig, og dei offentlege målsettingane når det  
256 gjeld offentlege anskaffingar av økologisk mat bør skjerpast.
- 257 • Primærnæringane må ikkje nytte hormon, genmodifiserte dyr eller planter eller fôr med  
258 antibiotika. Risikoen for alvorlege smittesjukdomar må reduserast både ved tiltak heime og  
259 gjennom importrestriksjonar. Utandørs bruk av genmanipulerte organismar og av ikkje  
260 stadeigne artar i skogbruket må nektast.
- 261 • Det må setjast nasjonale krav og lagast regionale jordvernplanar for å hindre nedbygging av  
262 dyrka mark og sikre kvaliteten på norsk matjord.
- 263 • Fiskeria må ta vare på primærproduksjonen i havet og dei lågare ledda i næringskjedene.  
264 Fisket må skje på dei årsklassane som gjev det beste langsiktige utbyttet. Ein større del av fis-  
265 ket må drivast med passive reiskapar, og energiforbruket i fisket må reduserast. Kystfisket  
266 må prioriterast, og trålfisket må reduserast kraftig.
- 267 • Fiskeoppdrett kan ikkje erstatte den naturlege produksjonen av mat i havet. Oppdrett må  
268 ikkje drivast slik at den fører til ureining av nærområda, til røming av fisk og  
269 sjukdomsspreiing.
- 270 • Patent på levande organismar eller biologisk materiale som finst naturleg, må ikkje tillatast.  
271 Genmanipulerte organismar må ikkje dyrkast fram under tilhøve som gjer at dei kan kome ut  
272 i naturen.
- 273 • Tilskotsordningar som subsidierer naturskadeleg drift, må fjernast.
- 274 • Ei bærekraftig ressursforvaltning føreset at forvaltingsregima vert utvikla i nært samarbeid  
275 med dei som tradisjonelt har vore avhengige av ressursane.
- 276 • Tilskotsordningane i landbruket må tilpassast rovdyrforvaltninga slik at nødvendige leveområ-  
277 de for rovdyr vert tekne vare på.
- 278 • Myndighetene må ha strengare sanksjonar mot ulovleg og uregulert jakt og fiske.

279

280

## 281 **Energi**

282

283 Det høge energiforbruket vårt er verken berekraftig eller solidarisk, og det påfører oss store  
284 framtidskostnader. Eit høgt og aukande energiforbruk medfører for stor forureining og skadelege  
285 naturinngrep. Gjennom energi-hierarkiet er utfordringane i energipolitikken prioriterte:

286

- 287 - Det viktigaste er å redusere det samla energiforbruket. All energiproduksjon påverkar  
288 miljøet. Noreg er mellom dei landa i verda som har høgast energiforbruk per innbyggjar.
- 289 - Energien vi bruker, må i hovudsak vere fornyeleg. Den massive vasskraftutbygginga som har  
290 vore i Noreg, gjer at vi må vera restriktiv til vidare utbygging av vassdraga våre. Vi må  
291 istaden satse på dei nye fornyelege energikjeldene.
- 292 - Vi må bruke energien på den mest effektive måten. Elektrisitet er høgverdig energi, som ber-  
293 re bør brukast til dei oppgåvene som krev det. Varme og andre lågverdige energiformer kan  
294 nyttast til mindre krevjande oppgåver, som oppvarming.

- 295 - Fossile energikjelder er avgrensa og fører til klimagassutslepp. Skal vi bruke desse  
296 energikjeldene stasjonært, må klimagassutsleppa reinsast. Atomkraft inneber ein så stor fare  
297 for miljøet i samband med produksjon og avfallshandtering at den bør avviklast.  
298

299 **Naturvernforbundet meiner at:**

- 300 • Det norske energiforbruket må reduserast. Det må leggjast til rette for energifrigjering.  
301 Forbruket i hushaldningar, kontor, næringsbygg og offentlege bygg må vere minst mogleg.  
302 Industrien må drivast mest mogleg energieffektivt.
- 303 • Ny fornyeleg energi må verke til å redusere forbruket av fossil energi. Samstundes med  
304 energisparing, må Noreg satse på ny fornyeleg energi slik som bio- og solenergi, bølge- og  
305 vindkraft. Ved all utbygging må det tas særskilt omsyn til naturmangfold, folkehelse og  
306 landskap.
- 307 • All energi må brukast på mest mogleg effektiv måte, ved at høgverdig, elektrisk energi vert  
308 reservert til formål som krev høg energikvalitet. Elektrisitet må ikkje nyttast til oppvarming.
- 309 • Det må stillast strengare krav til energibruk ved nybygg og ombygging. Desse krava må  
310 strammast inn med jamne mellomrom.
- 311 • Norsk olje- og gassverksemd må trappast ned og på sikt fasast ut.
- 312 • Det må ikkje opnast for leiting og utvinning i nye område. Barentshavet,  
313 Lofoten/Vesterålen/Senja, Skagerrak, Mørebasenget og kystnære område må bli gitt varig  
314 vern mot olje- og gassverksemd. Vernet skal ikkje vere til hinder for hausting av fornyelege  
315 ressursar.
- 316 • Det må ikkje byggjast gassrørleidningar for alminneleg bruk av gass, fordi slik infrastruktur vil  
317 hemme utviklinga av meir miljøvenleg energibruk i fleire tiår framover.
- 318 • Det må ikkje byggjast gasskraftverk utan CO<sub>2</sub>-reinsing i Noreg. Skal det byggjast gasskraft-  
319 verk, må det stillast krav om maksimal CO<sub>2</sub>-handtering frå dag ein.
- 320 • Koldrifta på Svalbard må bli innstilt. Det må ikkje byggjast fleire kolkraftverk i Noreg. Mange  
321 miljøproblem knytt til kolkraft, slik som kvikksølv og radioaktivitet, kan ikkje reinsast bort.
- 322 • Det må ikkje byggjast nye atomkraftverk i Noreg. All forskning som har som mål å bruke  
323 atomkraft som energikjelde, må avviklast. Halden-reaktoren må leggjast ned. Noreg må  
324 arbeide for å sikre atomavfallet i norske nærområde.  
325

326 **Transport**

327  
328 Transportbehovet i samfunnet må reduserast, gjerast mindre energikrevjande og mindre  
329 forureinande.  
330

331 Transport fører til utslepp av klimagassar, til lokal forureining og sur nedbør. Verdifulle naturområde  
332 vert øydelagde gjennom utbygging av vegar, parkeringsplassar og flyplassar. Det store arealforbruket  
333 i transportsektoren er også eit trugsmål mot jordbruksproduksjon og miljøvenleg byutvikling.  
334

335 Miljøvenleg transport krev transportreduserande arealplanlegging og ein overgang frå privatbil,  
336 lastebil og fly til meir miljøvenlege transportformer som sykkel, buss, tog og båt. Det må også  
337 innførast transportreduserande verkemiddel, som avgrensingar i tal på parkeringsplassar og meir  
338 rettferdig prising av både person- og godstransport. I tillegg må det satsast på meir miljøvenleg  
339 teknologi i transportsektoren.  
340

341 **Naturvernforbundet meiner at:**

- 342 • Byar og tettstadar må fortettast og byggjast ut med mål om minst mogleg transportbehov.  
343 Dette må ikkje gå ut over naturperler og rekreasjonsområde.

- 344 • Det må leggjast betre til rette for syklende og gåande, særleg i område med mykje trafikk.
- 345 • Kollektivtilbodet må verte betre, både for daglege reiser til arbeid og fritidsaktivitetar og for
- 346 lengre reiser. Det må byggast ut dobbeltspor til jernbane i område med stor trafikk og satsast
- 347 på jernbanen, spesielt høg fartstog, som eit alternativ for reiser mellom byane i Sør-Noreg og
- 348 til/frå hovudstadane i nabolanda.
- 349 • Vegprising/bomringar må nyttast som verkemiddel for å dempe bilbruken. Midlane frå
- 350 vegprising/bomringar må brukast til kollektivtrafikk, ikkje vegbygging.
- 351 • Utbygging av firefeltsvegar og andre natur- og miljøskadelege vegprosjekt må stansast.
- 352 Middelar på tofeltsvegar er eit godt trafikktryggingstiltak som alternativ til firefeltsvegar.
- 353 • Flytrafikken må reduserast gjennom auka avgifter på klimagassutslepp. Flyplasskapasiteten
- 354 må ikkje utvidast.
- 355 • Transportvolumet må dempast, og ein langt større del av godstransporten må gå på sjø og
- 356 bane framfor på veg, gjennom auka miljøavgifter, ny teknologi, organisatoriske grep og betre
- 357 infrastruktur for sjø og bane.
- 358 • Det må utviklast og brukast meir miljøvenlege energiløysingar i transportsektoren, gjennom
- 359 bruk av meir energieffektive motorar, miljøvenleg biodrivstoff og nullutsleppsteknologi.

360  
361

## 362 **Avfall**

363

364 Målet er å gjere avfallsmengda minst mogleg og få til korte, lukka materialkrinslaup. Alt avfall må  
365 handsamast i samsvar med avfallshierarkiet. I prioritert rekkjefølgje vil det seie (1) minimering av  
366 avfallsmengda, (2) ombruk, (3) resirkulering/attvinning, (4) forbrenning med energiattvinning og (5)  
367 deponi/forbrenning utan energiattvinning.

368

### 369 **Naturvernforbundet meiner at:**

- 370 • Avfallsmengda må reduserast. Produkt må vare lenger og i større grad kunne reparerast og
- 371 nyttast fleire gonger. Det må brukast mindre emballasje, og den må være biologisk
- 372 nedbrytbar og giftfri. Plastprodukt eller emballasje som ikkje kan vere biologisk nedbrytbar,
- 373 må inkluderast i eit effektivt pantsystem.
- 374 • Både offentlege og private verksemder må stille strengare krav til miljø ved innkjøp.
- 375 • Det må stillast strengare krav til rett ressurs- og avfallshandtering ved bygge- og
- 376 anleggsarbeid.
- 377 • Bruken av miljøskadelege stoff som ikkje kan brytast ned i naturen, må minimaliserast.
- 378 • Panteordningar bør nyttast for fleire produktgrupper for å auke innsamlinga. Produsentar og
- 379 importørar må få eit større ansvar for ombruk og avfallshandtering.
- 380 • Det må byggast ut gode kjeldesorteringsordningar i heile landet.
- 381 • Det må bli forbod mot å forbrenne avfall som kan brukast om eller resirkulerast.
- 382 • Alt farleg avfall må samlast inn og handsamast på ein miljømessig forsvarleg måte.
- 383 • Forureinaren-skal-betale-prinsippet må utvidast slik at verksemder får ansvar for og
- 384 forpliktingar knytte til skader årsaka av verksemda og produkta deira.

385

386

## 387 **Internasjonal solidaritet og rettferd**

388 Verdas fattigaste lir i dag under miljøproblem som i stor grad er skapt av rike land og av  
389 overforbruket til velstående individ. Bruken av ressursane på jorda er svært skeiv, eit mindretal av  
390 velstående land og individ brukar størstedelen av ressursane, medan mange på jorda lever i  
391 fattigdom og naud.

392

393 Naturvernforbundet sitt mål er ei berekraftig utvikling og nedkjemping av fattigdom basert på rettar.  
394 Naturmangfaldet og ressursgrunnlaget må bli forvalta med tanke på kommande generasjonar.  
395

396 **Naturvernforbundet meiner at:**

- 397 • Miljøomsyn og omsyn til meir rettferdig fordeling av ressursar må telje meir enn  
398 internasjonale mål om økonomisk vekst og auka frihandel. Internasjonale miljøavtalar må bli  
399 overordna i høve til økonomiske avtalar, og internasjonale økonomiske avtalar må ikkje  
400 avgrense miljøomsyn.
- 401 • Noreg skal gjennom utviklingspolitikken sin vere ein pådrivar og støtte opp om internasjonale  
402 miljømålsetjingar og -avtalar, samstundes som miljøspørsmål blir prioritert i bilateralt og  
403 multilateralt samarbeid og at omsynet til natur og miljø blir integrert i alt utviklingsarbeid.
- 404 • FN må styrkast.
- 405 • Samarbeid med og støtte til det sivile samfunnet, inklusive miljøørsla, må vere ein viktig  
406 prioritering i Noreg sin internasjonale innsats.
- 407 • Norske investeringar i utlandet må bidra til å sikre ei miljøvennleg utvikling i utviklingslanda.
- 408 • Ujamn tilgang til, og lite effektiv bruk av energi, er med på å oppretthalde den skeive måten  
409 velstand er fordelt på globalt. Internasjonal bistand må i større grad rettast inn mot å nå dei  
410 fattigaste med desentraliserte tiltak for energieffektivisering og bruk av fornyeleg energi.
- 411 • Miljømessige og sosiale krav som gjeld for norske fleirnasjonale verksemder må også gjelde  
412 for aktiviteten deira i utlandet når det norske regelverket er strengare. Norske styresmakter  
413 må sjå til at norsk verksemd i andre land ikkje medfører miljøskadar og sosial utbytting, og  
414 må dessutan bidra til at det blir utvikla internasjonale avtalar og reglar som reduserer  
415 miljøskadeleg verksemd.
- 416 • Folkerettslege avtalar om forvaltning av område må baserast på internasjonale urfolksrettar  
417 forankra i FN og ILO.

418  
419  
420